



## **INNTAKSREGLEMENT for Danielsen Ungdomsskule Frekhaug (DUF)**

§ 1: Inntak av elevar ved Danielsen Ungdomsskule Frekhaug skjer i samsvar med reglane i privatskulelova.

§ 2: Følgjande søknadskategoriar har fortrinnsrett ved søkning større enn kapasitet ved skulen:

1. Barn av tilsette ved skular under Egill Danielsen Stiftelse og barn av medlemmar i skulestyret som er valt av eigarorganisasjonane.
2. Søsken av slike som, når opptaket skjer, allereie er elevar ved ein "Danielsen skole" (barne-, ungdoms- eller vidaregåande skule).
3. Barn av foreldre som kjem frå lønna stilling i misjonen i utlandet eller flyttande til regionen i forbindelse med lønna stilling i misjonen dei siste seks månadane før opptak.

§ 3: Søkjarane får elles plass i den rekkjefølgje dei har søkt. Søknadane vert nummererte i den rekkjefølgje skulen mottar dei. Det vert teken omsyn til fordeling av gutar og jenter ved opptak viss fordelinga av kjønn går over 2/3- delar.

§ 4: Søknadsfrist og orientering om når opptaket startar, skal gå fram av følgjeskriv ved utsending av søknadsskjema. Søknader som kjem inn etter søknadsfrist og høyrer til under kategoriar som har fortrinnsrett, blir prioriterte, men ikkje slik at dei kan fortrenge dei søkjarane som allereie har fått plass.

§ 5: Søkjarar har klagerett etter avgjerd i forvaltningslova kap VI. Departementet er klageinstans, og klagen sendes via skulen innan 3 veker.

Vedteke i styret 21.11.2012